



FLAGE UTLEIGE AS

Bjørkemoen 46

5709 VOSS

Referanser:

Dykkar: Ref.:G6R2GE-

Skjemanr.:3943

Vår: 18/17 - 18/1851

Saksbehandlar:

Bente Førland

Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:

19.01.2018

Godkjend søknad - Løyve til å knytte feittutskiljar til kommunalt leidningsnett gbnr. 212/141 Eikanger

Teknisk drift syner til registreringsmelding datert 12.01.2018 vedkomande søknad om løyve til å knytte feittutskiljar 3,5 m3 for Eikanger næringspark til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, har vurdert søknaden og vil gje Flage Maskin , gbnr 212/141 – Eikanger løyve til å knytte feittutskiljar til kommunalt leidningsnett på følgande vilkår:

Løyve til å knytte feittutskiljar til kommunalt leidningsnett er gitt ut i frå motteke søknad og berekningsgrunnlag for val av størrelse. Anlegg skal være plassert som vist på motteke teikning/ situasjonskart. Størrelse på 3,5 m3 er i utg.punktet for lite, vi krev normalt minimum 4m3 for denne type verksemd. **Dersom feittutskiljar ikkje held temperatur som er påkrevd for å fungere optimalt, vil Lindås kommune stille krav om utskifting til større feittutskiljar.**

Tømmefrekvens for feittutskiljar i kommunen er 3-12 gonger i året. For utskiljaranlegg ved gbnr 212/141 vert tømmefrekvens sett til **minimum 3 gonger per år**. Dersom det er behov for tilleggstømming utom desse faste tømningane, skal anleggseigar kontakte tømmeoperatør for ekstra tømning. Kommunen kan, ved behov, setje krav om hyppigare tømning enn det som er gitt i løyvet.

Det skal takast **1 representativ prøveanalyse av feittinnhald i avløpsvatn og minimum 2 temperaturloggar per år**. Temperaturlogging skal utførast når anlegg er i **full drift og før tømning av anlegg**. Logging skal utførast i ei periode på **3 døgn**. Kommunen kan, ved behov, setje krav om fleire temperaturloggar/analyseprøver enn det som er satt som vilkår i løyvet.

Fett frå ulike kilder har ulikt smeltepunkt og derfor ulike eigenskaper. Fett vert oppløyst opp frå rundt 20°C og ved temperatur opp mot 30°C vil alt feitt vera løyst opp slik at utskiljaranlegg sluttar å fungere. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil derfor ligge under 20° C.

Bruk av vaskemidlar (såpe) fører til at feitt emulgerar og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Kun godkjende vaskemildlar skal nyttast og bruken skal avgrensast til eit minimum. Anleggseigar må gå i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av kjemikalier. Ein del kjemikalier vil påvirke anlegget sin reinsefunksjon.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



Minst ein gong i året skal utskiljaranlegg tømmast funnstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldast og kontrollerast (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc).

Større mengder feitt, som til dømes frityrfett/-olje skal ikkje førast til utskiljaranlegg men samlast opp og leverast til godkjend mottak. Dokumentasjon på dette skal liggja føre ved kontroll. Det skal liggja føre **skriftleg avtale med godkjend tømmeoperatør**. Vi anbefalar at tømmeoperatør rapporterer til kommunen. Dette skal då komme fram av inngått avtale. Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale. Avtalen skal være signert av begge partar.

Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal òg sørge for at anna avfall ikkje vert ført til utskiljaranlegget (slam, stein, matrestar, plashansker etc).

For anlegg skal det førast driftsjournal. I driftsjournalen skal tømmeoperatør føre inn når anlegg er tømt, mengde fett som er tømt, når temperaturlogging er utført og alle typer driftsstans. Driftsjournal skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Nødvendige skjema får ein av kommunen.

Årsrapport: Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapporten skal innehalda tømmerapportar, temperaturloggar og kopi av driftsjournalen. Rapporten skal være Teknisk drift i hende seinast **1.februar påfølgjande år**.

Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som visar tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikningane skal vise kva som er ført på anlegg.

Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk (M 1:500)

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser»,

forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløype for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland,samt

forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett.

Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut

på kommunalt nett og til reinseanlegg og påfører dette skader.

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Bente Førland
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
FLAGE UTLEIGE AS

Bjørkemoen 46 5709

VOSS